

## Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 21.02.2018

### Vedtak

Ungdommens fylkesting 2018 var ein suksess, men Ungdommens fylkesutval har slike innspel til neste års arrangement:

- Visse delar av arrangementet bør vere meir planlagt:
  - o Informasjon om; Kva er Ungdommens fylkesting? Kva er Ungdommens fylkesutval? Kvifor er vi her?
  - o Arbeidet med forslag til Ungdommens planprogram
  - o Førebu delegatane på debatt (gjerne med eit tale- og debattkurs)
  - o Kva skal skje på kveld og natt: opplegg, når skal alle vere på sine rom, nattevakt, osv
  - o Evalueringa av Ungdommens fylkesting
  
- Fleire deltakarar vart plaga av festkulturen til dei andre gruppene som var på hotellet samtidig. Ei jente på 15 år måtte takke nei til alkohol to gongar frå vaksne i ei anna gruppe på hotellet. Ei jente fekk upassande kommentarar, og frå vaksne i ei anna gruppe. Sikkerheitsvaktene var til stades, men det var ikkje alt dei kunne fange opp. Neste gong bør ein ha god dialog med hotellet om andre grupper, og sette på plass tiltak for at deltakarane kan ha ein triveleg kveld på eit rusfritt arrangement, utan drikkepress og trakassering.